



# BACHELOROPPGÅVE

**Barnevern i små kommunar – ei utfordring for  
profesjonaliteten?**

Av

Kandidatnummer: 13  
Beate Alværen

**Child welfare in small communities – a challenge for the professionals?**

Barnevern, bachelorstudium

BSV5-300

Mai 2015

## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva "Barnevern i små kommunar - ei utfordring for profesjonaliteten?" i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneholder materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 13

Namn: Beate Alværen

JA X NEI

## **Innhaldsliste**

1.0 Innleiing.....	4
1.1 Problemstilling .....	4
1.2 Oppgåvas oppbygging .....	5
2.0 Litteraturstudie som metode .....	5
2.1 Søkehistorikk.....	5
2.2 Kjeldekritikk - kjeldas truverd og relevans .....	6
3 Kva vil det seie å vere profesjonell barnevernspedagog?.....	7
4.0 Kva utfordringar for profesionaliteten får det for ein barnevernspedagog å arbeide i ein liten kommune? .....	9
4.1 Betydinga av å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet .....	9
4.1.1 Det kyndige, ukyndige og døde blikk.....	10
4.1.2 Utfordringar ved å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet .....	11
4.1.3 Muligheiter ved å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet.....	12
4.2 Betydinga av å ha multiplekse roller i små samfunn.....	14
4.2.1 Roller og rolleteori .....	14
4.2.2 Utfordringar ved å ha multiplekse roller i små samfunn .....	16
4.2.3 Muligheiter ved å ha multiplekse roller i små samfunn .....	19
5.0 Interkommunalt samarbeid.....	19
5.1 Kan interkommunalt samarbeid vere ei vellykka løysing? .....	21
6 Avslutning .....	22
Litteraturliste .....	24

## 1.0 Innleiing

Temaet for denne oppgåva er barnevern i små kommunar, og eg vil her diskutere nokre utfordringar for profesjonaliteten ein som barnevernspedagog kan møte om ein arbeidar i ein liten kommune. Eg vil også diskutere interkommunalt samarbeid som ei mogleg løysing på utfordringane. Med Noregs 428 kommunar har så mange som 232 kommunar færre enn 5000 innbyggjarar (Deloitte, 2012). I Sogn og Fjordane med sine 26 kommunar hadde 10 av desse inngått i interkommunale samarbeid pr. januar 2012 (Heggen, Jørgensen & Rød, 2013). At det er så mange småkommunar i dagens Noreg gjere at eg synest at det er viktig å vere bevisst på utfordringar ein kan møte om ein arbeidar i ein liten kommune. For meg er dette eit spennande tema fordi eg kjem frå ei lita bygd i Sogn og Fjordane, og ser det som aktuelt å reise tilbake til min heimkommune og arbeide ein gong i framtida.

At ein kommune er liten betyr ikkje at det er færre barn som treng hjelp. Barnebefolkinga utgjer omrent ein like stor del av totalbefolkinga i ein liten kommune som i ein stor (Deloitte, 2012). Dagens kommunestruktur er basert på generalistkommuneprinsippet, som vil seie at alle kommunar skal kunne løyse dei same oppgåvene og tilby dei same tenestene (Klausen, Renå & Winsvold, 2014). Det er også heimla i lov at barnevernstenesta i kommunane skal følgje med på dei forhold som barn lever under og eventuelt setje inn tiltak ved behov, jamfør § 3-1 (Barnevernslova, 1992). Alle kommunar i Noreg skal altså ha eit barnevern som kan hjelpe det enkelte barn og familien deira uavhengig av kommunestørrelsen. Andresen og Neegaard (2012) vise til ei undersøking som vise at mange barnevernsteneste har problem med å oppfylle dette. Formålet med denne oppgåva er å gjere meg sjølv og andre bevisst nokre moglege utfordringane ein kan møte ved å arbeide i ein liten kommune. Dette kan kanskje bidra til at framtidige yrkesutøvarar kan unngå eventuelle fallgruver for profesjonaliteten som andre har gått i tidligare og elles sikre at eit kvart barnevern har profesjonelle yrkesutøvarar uavhengig av kommunestørrelsen.

## 1.1 Problemstilling

Eg vil i denne oppgåva diskutere nokre av desse utfordringane ein kan møte, med utgangspunkt i problemstillinga: *Barnevern i små kommunar – ei utfordring for profesjonaliteten?*

Eg har valt å formulere tre underproblemstillingar som eg vil diskutere vidare i oppgåva for å svare på den overordna problemstillinga. Desse er:

- Kva vil det seie å vere profesjonell barnevernspedagog?

- Kva utfordringar for profesionaliteten får det for ein barnevernspedagog å arbeide i ein liten kommune?
- Er interkommunalt samarbeid ei vellykka løysing på utfordringane?

## 1.2 Oppgåvas oppbygging

Vidare i oppgåva kjem først ein metodedel der eg gjere greie for min framgangsmåte i prosessen med å skrive denne oppgåva. Her skriv eg om korleis eg gikk fram for å finne den aktuelle litteraturen eg har brukt og vidare vurderar eg kjeldas truverd og relevans. Sidan problemstillinga mi omhandlar profesjonalitet vil eg etter metodedelen gjere greie for kva eg legg i å vere profesjonell barnevernspedagog. Vidare har eg avgrensa oppgåva til å diskutere to konkrete utfordringar ein kan møte for profesionaliteten om ein arbeidar i ein liten kommune. Eg vil diskutere både fordelar og ulemper ved desse utfordringane. Eg vil først diskutere kva betyding den lokalkunnskapen som ein ofte har om folk i små samfunn kan ha å seie, for deretter å diskutere kva betyding det kan ha at ein i små samfunn ofte har fleire ulike roller til kvarandre, og at grensene mellom det private og profesjonelle derfor kan stå i fare for å bli viska ut. Til slutt vil eg diskutere om ei vellykka løysing kan vere interkommunalt samarbeid. Nødvendig teori og omgrepssavklaring vil kome fortløpande i oppgåva.

Avslutningsvis vil eg oppsummere hovudpunktata eg har vore innom i oppgåva.

## 2.0 Litteraturstudie som metode

Under arbeidet med denne oppgåva har eg brukt litteraturstudie som metode. Ein metode er reiskapen vi brukar, altså måten vi går fram på for å innhente data som er nødvendig for å få svar på problemstillinga (Dalland, 2012). I eit litteraturstudie studerar ein den allereie eksisterande empirien og kunnskapen som er skreve og innhenta av andre. Ein går då til relevante databasar og søker vitakapelige originalartiklar (Støren, 2013). Vidare gjere man ein kritisk gjennomgang av kunnskapen frå dei skriftlege kjeldene, og lagar ein sammafatning av dei med diskusjon (Dalland, 2012).

### 2.1 Søkehistorikk

Første gong det slo meg at eg ville skrive om barnevern i små kommunar var då vi hadde faget organisasjonsteori, der eg leste eit lite avsnitt om barnevern i små kommunar. Det første eg gjorde i prosessen med å finne litteratur var å gå tilbake til dette avsnittet i boka *Organisert velferd* (2010) av Alf Roger Djupvik og Magne Eikås og sjå kven dei hadde referert til. Det var spesielt Randi Haugland med boka *kommuneheks på slakk line, om barnevern i små kommuner* eg beit meg merke i då. Vidare gikk eg til relevante databasar som Oria, Idunn,

Norart og Google Scholar. Oria er ein sokemotor som har samla alle bibliotekets ressursar, som både bøker, artiklar og tidsskrifter. For å få meir presise sök gikk eg vidare til Idunn som er ein tverrfagleg norsk database og Norart som refererer til artiklar i norske og nordiske tidsskrifter. Dette sidan eg ville ha litteratur som seier noko om korleis desse utfordringane er i Noreg. Her brukte eg sökeord som ”små kommunar”, ”små barnevern” og ”interkommunalt samarbeid”. I alle databasane var det stort sett den same litteraturen som kom opp som mest relevant. Her gjekk også Randi Haugland igjen. Eg fann også nokre artiklar frå Tidsskriftet Norges Barnevern. Først prøvde eg å gjere litt avgrensingar i forhold til årstalet på litteraturen. Eg oppdaga at det ikkje var forska så mykje på dette dei siste åra, så eg måtte inkludere litteratur som var noko eldre. Eg fikk også tips frå rettleiar om boka *Modernisering i barnevernet – ideologi, kontekst og kompetanse* av Willy Lichtwarck og Graham Clifford frå 2010. Eg gikk vidare inn i litteraturlistene til den litteraturen eg fann aktuell, og fann til slutt ein del litteratur om temaet.

## 2.2 Kjeldekritikk - kjeldas truverd og relevans

Når eg vurderte kjeldas truverd var eg spesielt på utkikk etter kven som hadde skreve det, når det var skreve og om det var primær- eller sekundærkjelde. Forskjellen på primær- og sekundærkjelde er at i primærkjelda er det forfattaren sjølv som har forska, det er altså forskarens tolking av sitt eige datamateriale. I sekundærkjelda er det ein annan forfattar som refererer til primærkjelda og har ikkje forska sjølv (Dalland, 2012). Det mest ynskjelige for meg var primærkjelder, då ein i sekundærkjelder har tolka andre sitt datamateriale, og kan ha feiltolka. Ved at eg igjen skal tolke, er sjansen større for at det eg presenterar har blitt feiltolka utifrå primærkjelda og at måten eg brukar kjelda på blir feil. Eg brukar både primær- og sekundærkjelder, men hovudvekta vil vere på primærkjeldene. I forhold til kven som hadde skreve det ønskte eg helst å nytte anerkjente forfattarar som har utdanning og erfaring innanfor fagfeltet. Eg har i hovuddelen av oppgåva vektlagt litteratur frå Randi Haugland, Catrine Torbjørnsen Halås, Willy Lichtwarck og Graham Clifford. Forfattarane har relevant utdanning, lang erfaring innanfor fagfeltet og har vore aktive forskarar innanfor temaet som eg drøftar.

I forhold til kjeldas relevans vil eg seie at mykje av litteraturen eg fann er relevant då det omhandla det same som eg ville diskutere. Ein del av litteraturen eg har nytta er begynt å bli noko gammal, dette er eg merksam på. Det viser seg samtidig at det ikkje har vore forska så mykje på dette dei siste åra, så det er vanskelig å finne nyare litteratur. Noko av grunnen til

dette tenkjer eg kan vere at stadig fleire kommunar blir samanslått eller inngår i interkommunale samarbeid, slik at det som blei sett på som utfordringar før ikkje er like relevant i dag. Likevel meinar eg at kjeldene har relevans, då det endå er eit fleirtal av små kommunar i dagens Noreg. Eg meinar altså at kjeldene eg har brukta er truverdige og relevante. Eg har i denne delen av oppgåva gjort greie for min metodiske framgangsmåte og vurdert kjeldas truverd og relevans. Eg vil no gå over til å gjere greie for kva eg legg i å vere profesjonell barnevernspedagog i denne oppgåva.

### **3 Kva vil det seie å vere profesjonell barnevernspedagog?**

Yrket som barnevernspedagog er eit profesjonsyrke, og når ein snakkar om eit yrke som profesjon uttrykkje ein samtidig forventninga om profesjonalitet (Molander & Terum, 2008, s.17). Omgrepet profesjonell blir av mange i dagligtalen brukt ulikt, men ein fellesfaktor er at dei profesjonelle er dei som har fagkompetanse og dermed er kompetente innanfor eit fagområde (Nylehn, 2002, s.52). Hovudsakleg er det her snakk om nokon som brukar denne kompetansen og gjere eit godt og riktig arbeid innanfor eit avgrensa område (Molander & Terum, 2008, s.18). I yrket som barnevernspedagog kan ein kome opp i mange tøffe saker der ein må ta vanskelige val. Eg synes Haugland (2001, s.35) beskriv korleis vere profesjonell i slike situasjonar ganske godt. Ho seier at ”det er menneskelig å forsøke å unngå problemer for seg selv og sine nærmeste, men det er profesjonelt å møte vanskeligheter, løse etiske dilemmaer mest mulig på klientens premisser”. Vidare vel eg å støtte meg på kva Greta Marie Skau legg i å vere profesjonell.

Skau (2011,s.43) seier at omgrepet profesjonell både uttrykkje at bestemte handlingar skjer som yrkesutøving og at det seier noko om kvaliteten på arbeidet. Profesjonell kompetanse innebere å ha teoretisk kunnskap, yrkesspesifikke ferdigheiter og personlig kompetanse, og desse tre momenta kan vi ikkje sjå uavhengig av kvarandre når ein snakkar om å vere profesjonell (Skau, 2011, s.58). Den teoretiske kunnskapen kan ein tilegne seg gjennom studie, slik som når ein tar ein bachelor i barnevern på høgskulen. Teoretisk kunnskap er faktakunnskap om det vi skal arbeide med og som er relevant for utøvinga av arbeidet.

Yrkesspesifikke ferdigheiter kan blant anna vere teknikkar og metodar ein brukar i møte med forskjellige brukarar. Eg tenkjer at det blir korleis du brukar teorien du har lært og korleis du generelt arbeidar i praksis. Den personlige kompetansen handlar om kven du er som person og er eit resultat av bearbeida erfaringar du har hatt gjennom livet. Kva holdningar, verdiar og eigenskapar du har som person vil ha noko å seie for den personlige kompetansen. Denne

kompetansen er ikkje yrkesspesifikk, men er ein stor del av å vere profesjonell (Skau, 2011, s.61).

I yrker der samspel mellom menneske er viktig, slik som i yrket til ein barnevernspedagog, er vår personlige kompetanse svært viktig og ofte avgjerande for kvar langt vi kjem med vår teoretiske kunnskap og yrkesspesifikke ferdigheter. Å vere personlig er altså ein del av å vere profesjonell (Skau, 2011, s.61). Denne personlige kompetansen brukar vi også i våre private liv. Skau (2013) legg også vekt på å kunne holde sitt eige privatliv avskilt frå andre sitt liv, som ein del av å vere profesjonell. Å kunne skilje mellom å vere personlig og privat er altså ein del av å vere profesjonell. Sidan den personlige kompetansen er ein del av å vere profesjonell på den eine sida, men at det handlar om kven du er som person på den andre sida, ser eg det som at den profesjonelle rolla ikkje kan utvikle seg uavhengig av den private rolla. Men korleis ein brukar den private og personlege delen av seg vil avgjere om ein er ein profesjonell yrkesutøvar eller ikkje. Skau (2011, s.46) seier at:

Verken når profesjonsutøverens private liv blir det sentrale for samhandlingen, eller når vedkommende bringer inn stoff frå sitt private liv først og fremst for å dekke egne behov, vil man ut fra en rådende forståelse av profesionalitet si at vedkommende opptrer profesjonell.

Sidan det å vere profesjonell innebere desse tre momenta kan ein ikkje ta forgitt at ein som har tatt ei relevant utdanning er profesjonell i yrkesutøvinga. Eg meinar at om ein har teoretisk kunnskap og fagkompetanse treng ikkje nødvendigvis å ha noko å seie for kvaliteten på arbeidet, altså om ein gjere eit godt arbeid. Det er dermed ingen garanti for at alle profesjonsutøvarar er profesjonelle. Nylehn (2002, s.63) seier at profesjonelle er spesialistar, men ikkje alle spesialistar er profesjonelle. Det er dette eg vil diskutere vidare i oppgåva, korleis ein barnevernspedagog som i utgangspunktet skal vere profesjonell kanskje opplever dette som meir utfordrande i ein liten kommune.

Å vere profesjonell innebere altså momenta å ha teoretisk kunnskap, yrkesspesifikke ferdigheter og personlig kompetanse. Vidare handlar det om at ein klarer å handtere skiljet mellom å vere privat, personlig og profesjonell på ein god måte. Sagt på ein annan måte, ein klarer å handtere skiljet mellom nærheit og distanse til brukaren og konteksten rundt. Det er det siste eg vil vektleggje i den vidare diskusjonen, at å vere profesjonell vil seie at ein klarer å skilje mellom å vere privat, personlig og profesjonell på ein gode måte i yrkesrolla. Eg vil

vidare diskutere to konkrete utfordringar for profesionaliteten ein kan møte ved å arbeide i ein liten kommune.

## **4.0 Kva utfordringar for profesionaliteten får det for ein barnevernspedagog å arbeide i ein liten kommune?**

Sosialt arbeid i små kommunar er prega av nærheit til brukaren, samarbeidspartnarar og lokalsamfunnet. Denne nærheita gir muligheiter samtidig som den utfordrar den profesjonelle og kravet til profesionalitet som eg har skissert over (Halås, 2009, s.98). Eg vil først diskutere betydinga av å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet, for deretter å diskutere betydinga av å ha multiplekse roller i små samfunn. Eg vil først diskutere kva ulemper eller utfordringar denne nærheita kan gi, for deretter å diskutere kva fordelar eller muligheiter det kan gi. I forhold til betydinga av å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet vil eg blant anna støtte meg på Merete Saus sine tre omgrep det kyndige, ukyndige og døde blikk om korleis å forstå og nytte lokalkunnskap i små samfunn. Betydinga av å ha multiplekse roller i små samfunn vil eg diskutere utifrå rolleteori og då spesielt teoretikaren Erving Goffman.

### **4.1 Betydinga av å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet**

Kunnskap om lokalsamfunnet er noko du får gjennom å kjenne folk og delta i ulike samanhengar og relasjonar med andre (Halås, 2009, s.105). Eg vel å støtte meg på måten Halås og Solstad (2010, s.84) vel å definere lokalkunnskap: ”Med lokalkunnskap mener vi kunnskap om geografi, historie, næringsliv, kultur, slekt, nettverk, organisasjoner og mennesker i den verden vi sosialt er del av”. Eg forstår dette som at dersom du har lokalkunnskap har du blant anna kunnskap om korleis det er å leve i det bestemte samfunnet og kva forventningar som er knytt til det. Du kjenner befolkninga og livet rundt. Til dømes kva normer og reglar som gjeld, vil variere avhengig av kva samfunn ein lever i. Eg tenkjer at dersom ein er fødd og oppvaksen i ein liten kommune vil ein automatisk ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet.

Som barnevernspedagog skal ein hjelpe den enkelte brukar, og for at hjelpa skal fungere best mogleg er det viktig at hjelpa er mest mogleg riktig. Løysinga på problemet til brukaren finst ofte i samspelet mellom brukaren og samfunnet rundt (Halås, 2009). Det blir her viktig å forstå situasjonen til brukaren i forhold til konteksten, altså det samfunnet vedkomande lever i. Moe (1998) viser til Clifford, Lichtwarck og Moe som seier at desse kontekstuelle forholda er med å påverka korleis ein løyse problema i barnevernet. Kva som blir definert som problem i barnevernet er kontekstavhengig, løysingane vil dermed variere avhengig av kva samfunn

ein er i. Ved barnevernsarbeid i små kommunar nyttar ein seg av den lokalkunnskapen ein har for å forstå og hjelpe brukaren. Merete Saus (2006) har utvikla nokre omgrep om korleis å ta denne lokalkunnskapen i bruk på ein god måte. Eg har funne omgrepa hennar fruktbare i min diskusjon av kva betydning lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet kan ha å seie for yrkesutøvaren. Eg vil vidare gjere greie for desse omgrepa.

#### **4.1.1 Det kyndige, ukyndige og døde blikk**

Meløe i Halås (2009, s.105) viser korleis vi må setje personar inn i ein samanheng for å kunne forstå dei handlingane dei gjere. Saus (2006) brukar omgropa til Meløe, det kyndige, ukyndige og døde blikk om å sjå i barnevernets arbeid. Desse omgrepa er eit verktøy for å kunne sjå dei kontekstuelle rammene som samfunn kan forståast i. Dersom ein person har kunnskap og erfaring frå eit samfunn, kan ein sjå og forstå på ein annan måten enn ein som ikkje har det (Saus, 2006). Ein kan dermed sjå situasjonen til brukaren med forskjellige blikk. Når ein ser med forskjellige blikk, vil ein forstå på ulike måtar, og hjelpa vil dermed bli ulik. Eg tenkjer at kva blikk du har i arbeidet med brukaren, vil vere med å påverke korleis du er som yrkesutøvar og om du er profesjonell.

Saus (2006) skriv at dersom ein har det kyndige blikket er man ein deltakar som tilhører lokalsamfunnet. Då har ein lokalkunnskap og forstår det ein ser i samfunnet og er klar over dette. Ein barnevernspedagog som er født og oppvaksen i ein liten kommune kan ha dette blikket. Eit eksempel på dette kan vere meg, om eg reise tilbake til min heimkommune og arbeidar. Dersom eg får inn ei sak om ein familie som eg kjenner historia til, kan eg blant anna tolke det denne familien er og gjere i lys av kunnskapen eg allereie har, som kan påverke det vidare arbeidet. Gjennom den lokalkunnskapen eg har vil eg forstå det eg ser og vere klar over det, slik som kjenneteiknar ein med det kyndige blikket.

Vidare skriv Saus (2006) at dersom ein er ein person med det ukyndige blikket er ein ikkje deltakar i lokalsamfunnet på same nivå som ein med det kyndige blikket. Vedkomande veit og er bevisst at han ikkje ser alt i samfunnet, og kan dermed ikkje få ein full forståing av situasjonen til den ein skal hjelpe. Dette blikket kan ein tilflyttande barnevernspedagog ha, som ikkje er født og oppvaksen i kommunen. Eit eksempel på dette kan vere ein barnevernspedagog frå Oslo som kjem til ein kommune på Vestlandet for å arbeide. Han vil i utgangspunktet ikkje kjenne historia til familien, og kan dermed ikkje tolke det dei gjere i lys av kunnskapen han har. Etter at ein har arbeida ei stund i kommunen vil ein få meir

lokalkunnskap, og dermed sjå og forstå meir, men vedkomande vil ikkje bli ein deltakar på same nivå som ein som har det kyndige blikket.

Ein som ikkje er deltakar og tilhører lokalsamfunnet, og som møter det nye og ukjente utan mistanke, har det døde blikket. Det vil her vere mykje ein ikkje ser, og dermed ikkje forstår. Ein distanserer seg frå samfunnet til brukaren og unngår då muligheita til å forstå. Hjelparen og brukaren vil her leve i to ulike verdene, og vil ikkje eksistere for kvarandre (Saus, 2006). Eg synes at Saus (2006) viser til eit eksempel på ein med det døde blikket som er ganske godt. Ein som har dette blikket kan vere ein besökande i ei fleirkulturell norsk bygd som ikkje ser den samiske kulturen i bygda. Vedkomande konkluderar med at dette er ei vanlig norsk bygd, ikkje fleirkulturell. Den samiske kulturen vil dermed ikkje eksistere for vedkomande. Eg vil ta med meg desse omgrepa vidare når eg no skal diskutere kva utfordringar for profesjonaliteten det kan få for yrkesutøvaren å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet.

#### **4.1.2 Utfordringar ved å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet**

Små lokalsamfunn er ofte gjennomsiktige og innbyggjarane har ofte ein innbyrdes relasjon til kvarandre (Lichtwarck & Clifford, 2010, s.58). Ei utfordring for yrkesutøvaren kan vere å sortere ut relevant informasjon til saksbehandlinga, då det i små samfunn kan vere lett å få informasjon om brukarar som kan vere urelevant og unødvendig for saksbehandlinga. Denne unødvendige informasjonen og rykta kalla ein av informantane til Haugland (2000) for overskotsinformasjon. Eg synest dette er eit ganske godt og beskrivande omgrep. Det er informasjon du ikkje treng til saksbehandlinga, som er i overskot. Denne informasjonen kan vere med å påverke arbeidet, som på den eine sida kan verke uheldig. Informasjonen kan gjere det vanskeligare for deg å forstå brukaren, fordi du allereie har dine førestillingar og forventningar på grunnlag av overskotsinformasjonen. Relasjonen har då allereie starta før det første møtet (Haugland, 2000). Denne informasjonen og førestillingane tenkjer eg kan bli vanskelig å leggje vekk i det vidare arbeidet med brukaren og dermed skape ei utfordring. La oss sjå på eit eksempel. La oss seie at det er ein familie som er tilknytt barnevernet på grunn av økonomiske problem. Denne familien har ikkje pengar til fritidsaktivitetar til barna sine. Spørsmålet om økonomisk støtte kjem fram som forslag om tiltak. Tidlegare har du fått høyre frå ei venninne at faren til desse barna brukar pengar fleire kveldar i veka på speleautomatar. Denne informasjonen kan då gjere til at du ikkje får lyst til å gi økonomisk støtte til denne familien. Dette fordi du veit, eller vertfall trur at dei har pengar, men brukar dei feil. Ved å nytte seg av denne kunnskapen som deltakar av samfunnet vil ein inneha det som Saus (2006) omtalar det kyndige blikket. Denne informasjonen og kunnskapen kan gjere oss blinde og

mindre nysgjerrige i arbeidet, dette fordi vi trur vi veit alt om situasjonen til brukaren, og at vi dermed forstår alt. Ved at ein då kan gå glipp av viktig og relevant informasjon på grunn av overskotsinformasjonen kan det hindre at ein forstår den faktiske situasjonen til brukaren.

Som eit alternativ kan det i ein slik situasjon kanskje vere betre og meir hensiktsmessig å ha det ukyndige blikket. Då er ein meir nysgjerrig for å unngå at ein overser informasjon som er vesentlig for å forstå situasjonen. Dersom ein har informasjon, vil ein då undersøkje at ein har forstått det riktig og ikkje ta forgitt at ein har forstått situasjonen utifrå den informasjonen ein allereie har. Som nemnt ovanfor såg ein av informantane til Haugland (2000) på denne informasjonen som overskotsinformasjon. Ein av informantane til Halås (2006) såg ikkje på informasjonen som noko som var til overs, men at det ein veit vil ein automatisk bruke i saksbehandlinga. Utfordringa blir heller kva ein gjere med det ein veit.

Ei anna utfordring ved å ha nærheit til lokalsamfunnet kan vere at ein ofte arbeidar aleine i små kommunar. Dette kan føre til at ein manglar faglig kunnskap som kan føre til at ein lettare nyttar seg av lokalkunnskapen i arbeidet med brukaren. Sidan ein ofte arbeidar aleine kan dette føre til at ein må utføre fleire generelle oppgåver enn om ein hadde arbeida i ein større kommune. Å skulle ha kunnskap og mestre alle desse arbeidsoppgåvene like godt tenkjer eg kan vere utfordrande. I større kommunar er ein fleire tilsette med meir avgrensa og spesialiserte oppgåver (Haugland, 2000). At ein i små kommunar må arbeide med eit større spekter av oppgåver tenkjer eg kan føre til at ein har meir kunnskap om det generelle og mindre om det spesielle, og at ein då kan bli uprofesjonell i yrkesutøvinga på grunn av manglande spesifikk kunnskap. At ein må utføre fleire oppgåver fører også til at ein må inngå i fleire ulike roller. Dette vil eg ta for meg meir under punkt 4.2.2, der eg diskuterar utfordringar ved å ha multiplekse roller. Eg vil no diskutere nokre muligheter for yrkesutøvaren som denne lokalkunnskapen og nærheita til lokalsamfunnet kan gi.

#### **4.1.3 Muligheter ved å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet**

I forhold til ha overskotsinformasjon om brukaren diskuterte eg at det kan vere utfordrande å inneha det kyndige blikket for å vere profesjonell på ein god måte, og at det heller kan vere hensiktsmessig å ha det ukyndige blikket. Men i forhold til å inneha det kyndige blikket kan det på ei anna side skape muligheter og vere bra når det kjem til det å ha lokalkunnskap og nærheit til lokalsamfunnet. Denne informasjonen og det å ha lokalkunnskap kan hjelpe deg til å få ein betre heilheitsforståing av situasjonen til brukaren, som vidare kan bidra til at hjelpa ein tilbyr blir mest mogleg riktig. La oss ta fram igjen eksempelet eg nemnte ovanfor med

familien som sleit økonomisk og ikkje hadde råd til fritidsaktivitetar til barna. Ved å ha denne informasjonen om far, at han slite med speleavhengigheit, kan ein gå inn å hjelpe far som vidare kanskje kan hjelpe heile familien indirekte med dei økonomiske problema. Å ha lokalkunnskap og forankring i lokalsamfunnet kan som diskutert ovanfor verke som ei utfordring og ulempe på den eine sida, men på den andre sida kan det verke som ei muligkeit og styrke. Eg tenkjer at det blir korleis ein nyttar seg av det som vil vere avgjerande for om ein er profesjonell eller ikkje.

Som ein del av lokalkunnskapen vil ein ikkje berre ha kunnskap om brukaren, men også om konteksten rundt brukaren. Denne kunnskapen er viktig for å utføre eit godt arbeid og kan også fungere som ein muligkeit for yrkesutøvaren. Ein av informantane til Lichtwarck og Clifford (1996, s.78) uttrykte:

Viktig å understreke at barnevernskunnskap har også med lokalsamfunnskunnskap. Men det er viktig at ikke lokalsamfunnsverdiene får styre alene, det kan få svært ueheldige konsekvenser. Men det er viktig å understreke at fagkompetanse alene er utilstrekkelig. Det er en stor fordel å kunne oppstre på ulike arenaer. Det å ha et godt kjennskap til lokalsamfunnet, hvordan det fungerer, er av vesentlig betydning for å kunne gjøre et godt barnevernsarbeid.

Solheim (2010) skriv noko av det same i sin artikkel der ho tar utgangspunkt i brukarens perspektiv og oppleving av å få hjelp i små kommunar. Her viser ho at dei profesjonelle kan bli flinkare til å vise at kontekst og relasjon ikkje kan skiljast. Det er altså ikkje nok å berre ha ein relasjon til brukaren, ein må også ha ei forståing av konteksten brukaren lever i. Dette blant anna fordi ein gjennom lokalkunnskap har kunnskap om normer, holdningar og verdiar i samfunnet, og kan dermed lettare setje seg inn i brukaren sin situasjon.

Tverrfagleg samarbeid med andre instansar er nødvendig i barnevernet. Eg tenkjer at ei anna muligkeit denne lokalkunnskapen kan gi for å få til eit godt samarbeid er at det kan bli lettare om ein allereie har kjennskap til desse frå før av. Ein kan då lettare hjelpe fordi ein veit kven som har ressursar i kommunen og kven ein skal kontakte for samarbeid. Heggen et. al (2013, s.91) fann i si undersøking ut at tverrfagleg samarbeid ser ut til å vere meir omfattande i små kommunar enn i store. Dei viser her til ein landsomfattande helsetilsynsrapport frå 2009 om tverrfagleg samarbeid som viser at dette samarbeidet oftast byggjer på uformelle kontaktar. I mange samanhengar blir det ofte sagt at ”det er lurt å ha ein fot innanfor”. Eg tenkjer at ved at

ein allereie har kjennskap til andre instansar vil samarbeidet gå lettare enn om ein ikkje kjenner dei så godt, slik som kan vere tilfelle i større kommunar.

I forhold til at ein ofte arbeidar aleine i små kommunar diskuterte eg at det kan vere utfordrande på grunn av alle dei generelle oppgåvene. På ei anna side tenkjer eg at det kan vere positivt og verke som ei muligkeit for profesjonaliteten. Ikkje at ein ikkje kan så mykje, men at dersom ein kan litt om alt og har eit breiare spekter av kunnskap og erfaring kan ein lettare hjelpe brukaren uavhengig av kva problemet er. Ein kan også få ein betre heilheitsforståing av situasjonen som dermed kan bidra til at hjelpa blir meir riktig. Det at ein må utføre fleire generelle oppgåver fører også til at ein må inngå i fleire ulike roller som eg nemnte ovanfor. Eg vil vidare i oppgåva diskutere kva utfordringar det kan få at ein inngår i såkalla multiplekse roller i små samfunn, der forventningane til dei ulike rollene er forskjellige.

## **4.2 Betydinga av å ha multiplekse roller i små samfunn**

Både i yrkesrolla og som privatperson inngår ein i mange roller med ulike forventningar. I yrkesrolla som barnevernspedagog skal ein blant anna vere både hjelpar og kontrollør, medan som privatperson er du kanskje både kone, mor og venninne. Når ein opplever at forventningane til dei ulike rollene står i motsetning til kvarandre står ein i ei rollekonflikt (Haugland, 2000; Schiefloe, 2011). I mindre samfunn er skiljet mellom rollene meir uklåre, og det er dermed lettare at det oppstår rollekonfliktar (Haugland, 2000). Slike rollekonfliktar kan oppstå mellom private og profesjonelle roller, men også innad i ulike private og profesjonelle roller. Eg vil vidare gjere greie for roller og rolleteori før eg går over til å diskutere utfordringar og muligheter for profesjonaliteten ved å ha multiplekse roller i små samfunn.

### **4.2.1 Roller og rolleteori**

Korleis du presenterar deg i møte med andre er knytt til dei forventningane som andre har til deg. Aubert i Lichtwarck og Clifford (2010, s.58) definerar rolle som summen av dei forventingane som knytte seg til ei bestemt oppgåve eller ein posisjon. Aubert leggje vidare vekt på at roller er komplementære, som vil seie at dei blir forma i samspel med andre og motsvarande roller. Schiefloe (2011, s.203) definerar ein posisjon som den plassen i det sosiale samfunnet som ein person innehavar. Som menneske i eit samfunn har vi ulike posisjonar som det er retta forventningar mot, ofte fleire samtidig, og vi har dermed også fleire roller. Desse forventningane styrer vidare atferden vår. Dei fleste ønskjer å bli møtt med

positive reaksjonar i samfunnet, og vi må då leve opp til forventningane som er knytt til dei ulike rollene vi innehavar, viss ikkje vil ei såkalla rollekonflikt oppstå (Schieffloe, 2011).

Som tidligare nemnt er små samfunn ofte gjennomsiktige og innbyggjarane har ofte innbyrdes relasjonar til kvarandre. At innbyggjarane i små samfunn ofte kjenner kvarandre gjere til at den enkelte sine ulike roller og posisjonar ofte er kjent for kvarandre, og at skilje mellom dei ikkje er like klåre som i større samfunn. Kjennskap og relasjonar blir ofte meir personlege, medan ein i større samfunn lettare kan skilje rollene frå personen som individ. I større samfunn blir ein meir ei rolle enn ein person, som del av det sosiale systemet som eit samfunn er (Christie, 1982).

Schieffloe (2011) seier at nokre gongar kan menneske identifisere seg med rolla ein innehavar, og det kan då bli vanskeligare å skilje rolla frå individet som person. Dette kan for eksempel vere ein barnevernspedagog, som også utanom arbeidstid innehavar delar av rolla som barnevernspedagog og har dei såkalla barnevernsbrillene på. Vedkomande leggje ikkje desse brillene frå seg når ein er ferdig på jobb, men identifiserar seg med yrkesrolla. Som barnevernspedagog i eit lite samfunn blir også andre roller ein har tydligare og meir synlege, som for eksempel rolla som mor og kone. Desse ulike rollene omtalar Haugland (2000) som multiplekse roller i små samfunn. Med multiplekse roller meinar ho at ein innehavar fleire posisjonar i same rolle. Når ein som barnevernspedagog arbeidar med ein familie som ein kanskje kjenner gjennom at barna deira går i same klasse vil ein i møtet inneha fleire posisjonar enn det yrkesrolla tilseier.

For å forstå korleis ein går inn i desse ulike rollene vil eg no sjå på kva Goffman seier om roller og interaksjon. Schieffloe (2011) definerar sosial interaksjon som samhandling, altså når vi har direkte med andre menneske å gjere. Goffman (1992) ser på interaksjon som eit rollespel som føregår på ei scene. Som innehavar av ei rolle går du på ei scene når du går inn i rolla og framstiller delar av deg sjølv i relasjon til dei du samhandlar med, altså publikum. I forhold til mitt tema i oppgåva kan scena her vere lokalsamfunnet i dei små kommunane og publikum blir brukarane i kommunen som yrkesutøvaren jobbar med. Goffman (1992) lanserte omgrepene front- stage og back- stage om dette. Front- stage blir her når du er i den profesjonelle rolla, altså på scena. Back- stage blir når du trer av scena og ut av den profesjonelle rolla og trer inn i den private rolla som for eksempel mor eller kone. Eg tenkjer at når ein har såkalla multiplekse roller i små samfunn kan dette bli ei utfordring i seg sjølv, å

skilje mellom rollene. Når er du barnevernspedagog og når er du mor? Eg vil vidare diskutere utfordringar det kan medføre å ha slike multiplekse roller.

#### **4.2.2 Utfordringar ved å ha multiplekse roller i små samfunn**

At små samfunn ofte er gjennomsiktige og at innbyggjarane ofte har ein innbyrdes relasjon til kvarandre fører til at ein har kunnskap, førestillingar og forventningar til kvarandre før ein møtes i relasjonen profesjonell- brukar (Haugland, 2000). Dette kan utfordre den profesjonelle i arbeidet når ein møtes. Som barnevernspedagog har du kanskje barn som går i barnehage eller på skule der barna dine er blitt venner med barn som er knytt til barnevernet.

Vedkomande vil då ha kjennskap til kvarandre både gjennom barna på den private sida og barnevernet på den profesjonelle sida. I små samfunn vil ein ofte inneha desse rollene samtidig. Men i forhold til teorien til Goffman, korleis blir dette rollespelet då? Kven er publikumet til dei forskjellige tidene? Sidan ein i små samfunn innehar multiplekse roller vil det bli utfordrande å vite korleis ein skal opptre på scena i dei forskjellige møta. Å arbeide som barnevernspedagog medføre at ein må ta mange vanskelige val, og ved at ein kjenner dei ein skal hjelpe tenkjer eg at det kan bli vanskeligare å gripe inn på ein profesjonell og riktig måte. Haugland (2000) seier at dei private relasjonane og tidlegare kjennskap kan forsterke vanskeligheter ved prioritering av barnevernsarbeid. Når ho seier at det kan forsterke vanskeligheter tenkjer eg at ho indirekte seier at ein ikkje klarer å oppfylle forventningane til den profesjonelle rolla som yrkesutøvar.

Eg tenkjer at ulike forventningar knytt til ulike roller kan gjere det vanskeligare å eventuelt skulle handle mot nokre av desse forventningane i små samfunn. Sidan ein i små samfunn innehar det Haugland (2000) kallar for multiplekse roller tenkjer eg at det blir ekstra viktig til ein kvar tid å vere bevisst på kva rolle ein innehar og kva rolle som er mest framtredande. Både for seg sjølv og dei rundt deg. Ei samanblanding av roller kan verke uheldig og påverke arbeidet (Veland, 1998). Når ein innehar ulike roller og skiljet mellom dei blir uklåre, kan det verke forstyrrande og vanskeleg for brukaren. Dette spesielt dersom yrkesutøvaren bevegar seg mellom ulike roller som det er knytt ulike forventningar til. Eit døme på ulike roller ein kan inngå i som barnevernspedagog er hjelpar og kontrollør. Hjelpar og kontrollør er ein også i større kommunar, så det er ikkje rollekopleksiteten i seg sjølv eg vil poengtere her, men at det kan bli vanskeligare å oppfylle forventningane til rollene og vere profesjonell i små kommunar. Dette tenkjer eg kan vere fordi menneska i samfunnet rundt deg, som du ofte kjenner i små samfunn, har ulike forventningar som ofte er motstridande til desse ulike rollene, og som kan presse ein til å velje den lettaste utvegen. Som hjelpar blir det forventa at

ein skal gi den hjelpa som klienten sjølve ønskjer ut frå sitt eige perspektiv og nivå. Som kontrollør blir det forventa at ein skal hjelpe eller presse klienten til å forandre seg sjølv eller situasjonen til familien (Haugland, 2000). Med utgangspunkt i dette tenkjer eg at det i små samfunn kan vere raskt å velje den lettaste utvegen som blir å oppfylle hjelpar- rolla. Å oppfylle kontrollør- rolla kan bli noko vanskelegare, då du i denne rolla ikkje spelar like mykje på lag med brukaren.

Moe (1998) skriv at erfaringar frå eit barnevernsprosjekt viser at gjennomsiktige forhold i små kommunar kan føre til auka toleranse og tilsløring i samfunnet. Tenk deg om du som barnevernspedagog lener deg mot omsorgsovertaking i arbeidet med ein familie, etter ein lengre periode med hjelpetiltak. Dette er ein familie som mange i lokalsamfunnet kjenner, og du veit at det vil bli svært upopulært om du tar barna frå foreldra. Resten av lokalsamfunnet ser ikkje behovet for omsorgsovertaking, som kan kome av auka toleranse og tilsløring. Du kan då møte negative reaksjonar frå lokalsamfunnet ved ei slik gjennomføring. Desse reaksjonane vil du gjerne ikkje berre møte i rolla som profesjonell, men også i den private rolla då det i små kommunar ofte er slik at ein vil møte kvarandre i andre samanhengar enn i relasjonen profesjonell- brukar. I yrkesrolla blir du meir deg som total person i små samfunn, enn deg som ein del av barnevernet som organisasjon og rolla som barnevernspedagog. Folk utanfrå kan kanskje sjå det slik at det er du som gjennomføre omsorgsovertakinga, ikkje barnevernet. Dersom ein ikkje handterar å skilje mellom å vere privat, personleg og profesjonell i ein slik situasjon og det hindrar deg i å gjennomføre ei omsorgsovertaking, vil det ikkje vere å vere profesjonell.

Ei anna utfordring for yrkesutøvaren og dei multiplekse rollene kan vere å stå i dei tyngre og meir alvorlege sakene. Veland (1998) undersøkte i si hovudfagsoppgåve om barnevern i store og små kommunar, om kvifor det er fleire som får hjelpetiltak i små kommunar og kvifor det er fleire omsorgstiltak i større kommunar. Han fann at dette ikkje var på grunn av ulike behov blant brukarane i dei forskjellige kommunane, men at det blant anna var på grunn av belastningar for yrkesutøvaren. Heggen et. al (2013) fann ut i sin undersøking at over halvparten av dei tilsette i dei minste kommunane hadde lite eller ingen erfaring siste året med dei tyngre barnevernssakene, medan i dei største kommunane hadde over halvparten hatt noko eller mykje erfaring. Som ferdigutdanna er ein på langt nær ferdig utlært, læringsprosessen fortsette når ein kjem ut i arbeid (Killèn, 2012). Dersom yrkesutøvarane i utgangspunktet ikkje har erfaring med dei meir alvorlige sakene tenkjer eg at kan terskelen kan vere høgre for å gå inn i desse. Veland (1998, s.119) viser til Lipsky som hevdar at når vi blir utsett for

situasjonar som vi ikkje handterar, så utviklar vi mekanismar som gjere til at vi tilpassa oppgåvene til ein situasjon som vi kan handtere. Hjelpetiltak er ofte lettare å gjennomføre enn ei omsorgsovertaking, så spørsmålet blir her om ein i små kommunar nyttar seg av denne mekanismen og tilpassar sakene, slik at ein heller setje inn hjelpetiltak framfor å gjennomføre omsorgsovertaking. Dersom vi ser på skiljet mellom rolla som profesjonell og privat, vel vi å la den private delen av oss bli meir synleg enn den profesjonelle? Dersom ein nyttar seg av denne mekanismen, og dermed unngår omsorgsovertaking, synest eg at det vil bli å vere uprofesjonell.

Ei tredje utfordring ein kan oppleve ved dei multiplekse rollene er at ein kan begynne å tvile på seg sjølv og sin kompetanse sidan ein i yrkesrolla må inneha fleire ulike roller enn i større kommunar. Dette fordi ein i små kommunar ofte arbeidar aleine, og at ein ikkje har andre å diskutere og støtte seg på (Lichtwarck & Clifford, 2010). På vegne av Fellesorganisasjonen, FO, skriv Kvisvik (2014) at for å ha den kompetansen barnevernet treng for å løyse dei oppgåvene dei står ovanfor på ein faglig god måte treng ein å kunne samspele og diskutere med andre. Dette let seg vanskelig gjere om ein er få tilsette. Deloitte (2012) viser at 39 prosent av dei små kommunane som deltok i ei undersøking dei gjennomførte på vegne av KS (Kommunens Sentralforbund) hadde 1–2 årsverk i barnevernstenesta. Når ein arbeidar aleine og ikkje har nokon å diskutere og støtte seg på kan det bli vanskeligare å sortere ut relevante vurderingar og ein kan begynne å tvile på seg sjølv. Dette kan hindre fagleg utvikling. Ein av informantane til Haugland (2000, s.67) opplevde at om ein ikkje snakkar om kunnskap ein har, men berre let det vere inni hovudet kan kunnskapen i verste fall forsvinne. Dersom ein ikkje klarer å sortere ut relevant informasjon eller mistar kunnskap kan det verke uheldig på det vidare arbeidet. Dette fordi ein ikkje vil klare å gi ei god og riktig hjelp.

Alle desse rollene og forventningane som er knytt til dei ulike rollene trur eg er meir synlig i små kommunar, spesielt om ein må innta alle rollene sjølv. Dess betre du kjenner brukaren, dess meir uklårt trur eg skiljet mellom rollene blir, både for deg sjølv og brukaren. Eit godt eksempel på der den private rolla blei dominerande ovanfor yrkesrolla som profesjonell i eit lite samfunn er i den såkalla Alvdal-saka. Der kom det etter kvart fram at saksbehandlaren var venninne av mor som overgreip seg på sine eigne barn. Etter å ha lese boka *Mamas svik* synest eg at det er tydeleg at saksbehandlaren var uprofesjonell og ikkje klarte å skilje mellom si private og profesjonelle rolle. Men kan desse multiplekse rollene ha nokre fordalar også?

#### **4.2.3 Muligheiter ved å ha multiplekse roller i små samfunn**

På ei anna side tenker eg at tidligare kjennskap og multiplekse roller kan gi muligheiter for den profesjonelle. Multiplekse roller kan føre til auka forståing av situasjonen til vedkomande, og hjelpa kan dermed bli betre og meir riktig viss ein faktisk gripe inn. På grunn av tidligare kjennskap kan ein sjå og forstå situasjonen betre, som kan bidra til tidlig intervensjon (Veland, 1998). Dess tidligare ein gripe inn dess betre. Det å kome i posisjon til å hjelpe blir også lettare ved ein allereie privat relasjon, då relasjon er grunnleggjande for å få til ei endring i det vidare arbeidet (Tjersland, Engen & Jansen, 2010).

Liane (2006) viser i sin artikkel til Halås som seier at små kommunar ikkje har den same muligheita til å hjelpe og utvikle tilpassa tilbod til den enkelte brukar. Halås seier at dette blir eit problem i små kommunar der det er eit like breitt spekter av ulike problem blant brukarane, slik som i dei større kommunane. Her må ein spele på fordelane og mulighetene ein har i dei små kommunane. I forhold til korleis ein kan løyse nokre av desse utfordringane trur eg svaret vil variere avhengig av kven du spør.

Kommunesamanslåing er eit alternativ til løysing på nokre av utfordringane, og er eit varmt diskusjonstema på det politiske nivå i dagens samfunn. Røiseland (2014) viser til ein undersøking og skriv at større kommunar har generelt ein meir effektiv, robust og kvalitativ betre tenesteproduksjon. Kommunesamanslåing vil dermed sikre meir profesionalitet og kompetanse. Her snakkar han generelt om det kommunale tilbodet og ikkje spesielt om barnevernet, men eg vel å sjå dette som relevant då barnevernet er ein del av det kommunale tilbodet. Men på ei anna side blir det sagt at kommunestørrelsen ikkje vil vere med på å avgjere kvaliteten på tenestene, men at gode tenester blir skapt av gode fagfolk. Barnevernets utfordringar er ofte meir kompliserte enn at svaret er kommunesamanslåing (Kvisvik, 2014). Kvisvik (2014) meinat interkommunalt samarbeid kan vere eit godt alternativ til kommunesamanslåing. Eg vil vidare gjere greie for interkommunalt samarbeid generelt, før eg diskuterar om det kan vere ei vellykka løysing på utfordringane eg har diskutert.

### **5.0 Interkommunalt samarbeid**

Interkommunalt samarbeid tyder at to eller fleire kommunar samarbeidar på tvers av kommunegrensene. I forhold til denne oppgåva blir det snakk om samarbeid mellom to eller fleire kommunar på tvers av kommunegrensene om det kommunale barnevernet. Veksten av interkommunale samarbeid har dei siste åra auka i dei små kommunane i Noreg, og veksten ser ut til å forsette i framtida. Av dei 135 småkommunane som var med i spørjeundersøkinga

som Deloitte (2012) gjennomførte deltok rett over halvparten av kommunane i interkommunalt samarbeid på barnevernsområdet. Nokre av kommunane som ikkje deltok på dåverande tidspunkt hadde planar om å gjere det i framtida. Stadig fleire kommunar inngår altså i interkommunale samarbeid, men det er likevel mange små kommunar som har valt å ikkje gjere det (Deloitte, 2012).

Resultata frå undersøkinga viser at hovudårsakene til interkommunalt samarbeid er eit ønskje om større fagmiljø, kompetanseauking og rekruttering. Eit stort fleirtal av kommunane som deltok i undersøkinga synest at interkommunalt samarbeid har gjort barnevernstenesta betre (Deloitte, 2012). Ein fordel med interkommunalt samarbeid er at ein får eit større fagmiljø der fleire kan diskutere ilag og støtte seg på kvarandre. Dette kan vidare utfylle og auke kompetansen til kvarandre. Ein annan fordel er at det kan bli lettare å arbeide i forhold til dei tyngre og meir kompliserte sakene. Det er lettare for at du i rolla som barnevernspedagog heller blir ein del av barnevernstenesta og ikkje som ein del av deg som privatperson. Om det blir ei for vanskelig sak der ein føler seg inhabil, kanskje ikkje rettsleg men følelsesmessig, kan ein kanskje byte sak med ein annan saksbehandlar. Nokon seier også at for dei minste kommunane kan interkommunalt samarbeid føre til større tilgang på barnevernstiltak (Deloitte, 2012).

I forhold til ulempene kan interkommunalt samarbeid føre til eit dårligare tverrfagleg samarbeid innad i kommunen, fordi ein må forholde seg til andre kommunar og instansar på tvers av kommunegrensene. Ein kan her for eksempel ha ulike målsetjingar og prioriteringar med arbeidet, som vil gjere samarbeidet vanskeligare. Dette samarbeidet kan også føre til dårligare kontroll over kommunens ressursar. Dersom ein kommune skal inn å arbeide i ein annan kommune kan ein også mangle kunnskap om lokalsamfunnet, som vidare kan bidra til at hjelpa ein sette inn blir dårligare (Deloitte, 2012). Nokre små kommunar ligg også i utkantstrøk, og den geografiske avstanden kan bli stor og dermed verke som ein ulempe ved interkommunalt samarbeid. Dersom den geografiske avstanden blir stor vil ein bruke mykje tid på å kome seg frå ein stad til ein annan, og denne tida kunne ein heller brukt på brukaren. Eg vil no kople interkommunalt samarbeid opp mot utfordringane for profesjonaliteten eg har tatt for meg om barnevernsarbeid i små kommunar og diskutere om det kan vere ei vellykka løysing på utfordringane.

## **5.1 Kan interkommunalt samarbeid vere ei vellykka løysing?**

Fordelane med barnevernsarbeid i små kommunar er absolutt at ein er kjent i lokalsamfunnet, at ein har nyttig lokalkunnskap, og at ein kan jobbe mykje tettare og nærmare på brukaren på grunn av ein allereie etablert relasjon. Ulempene på den andre sida er at ein er få tilsette, det kan vere fortare at ein opplever å stå i rollekonfliktar og ein har færre å diskutere og drøfte saker med. Dette kan føre til fagleg einsemd og stagnering i kompetanseutviklinga. Utifra fordelane og ulempene eg har gjort greie for ovanfor om interkommunalt samarbeid, ser det ikkje ut til at det er noko enkelt svar på korleis løyse utfordringar for profesjonaliteten ein som yrkesutøvar kan møte i dei små kommunane.

Men for å starte med det første. Eg diskuterte under betydinga av å ha lokalkunnskap og nærlighet til lokalsamfunnet at ei utfordring for profesjonaliteten i små kommunar kunne vere at det blei vanskelegare å sortere ut relevant informasjon til saksbehandlinga, og at ein grunn til det kunne vere at ein ofte arbeidar aleine. Dersom fleire små tenester gjekk saman ville det kanskje blitt enklare å sortere ut relevante informasjonen, og ved å diskutere og utfylle kvarandre kan det faglege arbeidet bli betre. På ei anna side kan det på grunn av manglande lokalkunnskap føre til at andre kommunar ikkje har den same forståing om brukaren og konteksten rundt som vidare kan føre til eit dårlegare fagleg arbeid. At ein arbeidar aleine føre også til at ein i små kommunar må arbeide med eit større spekter av oppgåver, og at ein då får meir kunnskap om det generelle og mindre om det spesielle (Haugland, 2000). Ved ei eventuell innføring av interkommunalt samarbeid kan ein få færre og meir spesifikk roller og oppgåver, som kan føre til at det konkrete arbeide blir fagleg betre. Dersom ein er fleire som arbeidar ilag kan ein også unngå det ein av informantane til Haugland (2000) sa, at kunnskap som ein ikkje får diskutert med andre men som berre blir inni hovudet kan bli utilgjengelig eller i verste fall forsvinne. Men på ei anna sida kan kunnskap om det generelle føre til ein betre heiltheitsforståing av situasjonen til brukaren.

Ei muligkeit eg har diskutert om å ha lokalkunnskap og nærlighet til lokalsamfunnet er nettopp det at denne nærligheten kan bidra til at ein får ein betre heilheitforståing av situasjonen, som kan føre til at hjelpa blir betre. Ved interkommunalt samarbeid kan det føre til at ein får ein dårlegare forståing av situasjonen som vidare kan føre til at hjelpa blir dårlegare. På ei anna side blir ein fleire tilsette som kan utfylle kvarandre sin kompetanse og få eit meir robust fagmiljø. Ei anna muligkeit eg også har diskutert er at det at kommunane er små kan bidra til eit betre tverrfagleg samarbeid innad i kommunen. Ved innføring av interkommunalt samarbeid kan det på den eine sida gjere det tverrfaglege samarbeide dårlegare, men på ei

anna side kan ein få andre samarbeidspartnarar frå andre kommunar som kanskje har nokon styrker som ein ikkje hadde fått innad i kommunen.

I forhold til å ha multiplekse roller diskuterte eg at ei utfordring kan vere at skiljet mellom den private, personlege og profesjonelle rolla blir meir uklår. Eg tenkjer at ved at ein blir fleire tilsette gjennom interkommunalt samarbeid kan ein på den eine sida inngå i færre og kanskje tydlegare roller, som vidare kan vere med å redusere eller hindre rollekonfliktar. Ved at ein fordelar dei ulike rollene som ein barnevernspedagog har på fleire personar, kan det bli enklare å handtere den enkelte rolla. På ei anna sida kan det ta lenger tid før ein får etablert ein relasjon og kome i posisjon til å hjelpe, om ein ukjend barnevernspedagog frå ein nabokommune skal hjelpe. Dette diskutere eg om muligheter ved å ha multiplekse roller, som då kan bli ei utfordring ved interkommunalt samarbeid. Eg vil no gå over til avslutninga, kvar eg vil oppsummere hovudmomenta i oppgåva.

## 6 Avslutning

I denne oppgåva har eg diskutert nokre utfordringar for profesionaliteten ein som yrkesutøvar kan møte om ein arbeidar som barnevernspedagog i ein liten kommune. Desse utfordringane går på å ha lokalkunnskap og nærlig til lokalsamfunnet på den eine sida og det å ha multiplekse roller på den andre sida. I forhold til å ha lokalkunnskap har eg hovudsakleg diskutert utfordringar og muligheter ved å ha overskotsinformasjon og allereie kjennskap til brukaren. Overskotsinformasjonen kan gjere yrkesutøvaren blind og mindre nysjerrig på den eine sida, fordi vedkomande kan tru at han forstår situasjonen til brukaren på grunn av tidlegare kjennskap. Det at ein ofte arbeidar aleine i små kommunar kan også føre til at ein har vanskelegare for å sortere ut relevant informasjon. På ei anna side kan denne informasjonen og kunnskapen gi ei betre heilheitsforståing av situasjonen til brukaren, som vidare kan føre til at hjelpa blir betre og meir riktig. Eg har her veklagt viktigheita av å forstå situasjonen til brukaren i konteksten, for å gjere eit godt barnevernsarbeid. Eg har diskutert dette opp mot omgrepa det kyndige og ukyndige blikket, som kan fungere som eit verktøy for å sjå dei kontekstuelle rammene som samfunn kan forståast i.

I forhold til å ha multiplekse roller har eg diskutert at det kan verke uheldig med ei samanblanding av roller, då ein i små samfunn ofte innehavar fleire roller samtidig, og at det i små samfunn kan vere vanskelegare å skilje personen frå rolla og individet. Det er knytt ulike forventningar til ulike roller, og ei samanblanding kan gjere forventningane uklåre. Dette kan

bli endå tydligare i små samfunn, då ein ofte arbeidar aleine og har ein kjennskap til brukaren før ein møtes i relasjonen profesjonell- brukar. Denne kompleksiteten, slik som med lokalkunnskap, kan på ei anna side også føre til ei betre forståing av situasjonen til brukaren som vidare kan føre til meir riktig hjelp. Ein allereie etablert relasjon kan også føre til at hjelpa blir sett inn tidlegare.

Eg har også diskutert interkommunalt samarbeid som ei mogleg løysing på utfordringane. Eg har sett fordelar og ulemper opp mot konkrete utfordringane eg har diskutert om å ha lokalkunnskap og multiplekse roller i små samfunn. Nokre av desse utfordringane kan kanskje avta ved interkommunalt samarbeid, medan nokon kanskje vil bli verre. Eg trur at det vanskelig kan seiast at ja, interkommunalt samarbeid er ei vellykka løysing på utfordringane, men på ei anna side står yrkesutøvarane i dei små kommunane ovanfor nokre utfordringar som kanskje vil vinne på det. Ved ei eventuell gjennomføring tenkjer eg at det blir viktig å prøve å behalde det positive ved å arbeide i barnevernet i dei små kommunane. Dersom ein klarer det, og samstundes reduserar ulempene, trur eg interkommunalt samarbeid i norske kommunar kan vere den riktige vegen å gå.

I forhold til problemstillinga mi, om barnevern i små kommunar er ei utfordring for profesjonaliteten trur eg at vi kan svare at ja, det er fleire utfordringar for den profesjonelle yrkesutøvaren i små kommunar, men det er også mange muligheter ein kan dra nytte av som er viktig å hugse på.

## Litteraturliste

- Andresen, I.A., & Neegaard, C. (2012). Riksrevisjonens undersøkelse om det kommunale barnevernet og bruken av statlige virkemidler. *Tidsskriftet Norges barnevern*, 89(3), s.196-205.
- Christie, N. (1982). *Hvor tett et samfunn*. (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012): *Metode og oppgaveskriving for studenter*. (5.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Deloitte, KS FoU, *Barnevernet i små kommuner – status og utfordringer*, Oslo 22.10.2012.
- Goffman, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig: en studie i hverdagslivets dramatikk*. Oslo, Pax forlag.
- Halås, C.T. (2006). *Med nærlhet som styrke – fagutvikling med og om sosialarbeiderpraksiser i små kommuner*. Hovedfagsoppgave i praktisk kunnskap. Høgskolen i Bodø.
- Halås, C.T., & Solstad, A. (2010). Fagutvikling – i dialog mellom praksis, undervisning og forskning. I W. Lichtwarck & G. Clifford (Red.), *Modernisering i barnevernet: ideologi, kontekst og kompetanse*. (s. 77-97). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, R. (2000). *Kommuneheks på slakk line: om barnevern i små kommuner*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- Haugland, R. (2001). Profesjonelle medmennesker – finnes de? *Embla* 6(1), s. 28-35.
- Heggen, K., Jørgensen, T., & Rød, P.A. (2013). Det kommunale barnevernet: Faglege argument i møte med kommunalpolitikk. *Tidsskriftet Norges barnevern*. 90(2), s. 84-98
- Killèn, K. (2012). *Profesjonell utvikling og faglig veiledning: et fellesfaglig perspektiv*. (4.utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Klausen, J.E., Renå, H., & Winsvold, M. (2014). Førre, større og mer robuste kommuner? Drivkrefter og motkrefter i kommunestrukturdebatten. *Nytt Norsk Tidsskrift* 31(2), s. 113-123.
- Liane, V. (2006). Med nærlhet som styrke: de gode kommuneheksene. *Embla* 11(3), S. 7-11.

Lichtwark, W., & Clifford, G. (1996). *Samarbeid i barnevernet: ideologi, endring og konflikt.* TANO

Lichtwarck, W., & Clifford, G. (2010). Barnevern for åpen scene – utfordringer i mindre lokalsamfunn. I W. Lichtwark & G. Clifford (Red.), *Modernisering i barnevernet: ideologi, kontekst og kompetanse.* (s.56-76). Oslo: Universitetsforlaget.

Moe, A. (1998). Barnevern i små kommuner: mellom toleranse og tilsløring. *Embla* 3(4), s. 26-33.

Molander, A., & Terum, L.I. (2008). Profesjonsstudier: en introduksjon. I A. Molander & L.I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier.* (s.13-27). Oslo: Universitetsforlaget.

Nylehn. B. (2002). Kan profesjonelle samarbeide? I B. Nylehn og A.M. Støkken (Red.), *De profesjonelle.* (s.52-68). Oslo: Universitetsforlaget.

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn: innføring i sosiologisk forståelse.* (2.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Skau, G. M. (2011). *Gode fagfolk vokser: personlig kompetanse i arbeid med mennesker.* (4.ugt.). Cappelen Damm AS.

Skau, G. M. (2013). *Mellom makt og hjelp: om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper.* (4.ugt.). Oslo: Universitetsforlaget

Støren, I. (2013). *Bare Søk!: Praktisk veiledning i å gjennomføre en litteraturstudie.*(2.utg.). Oslo: Cappelen Damn Akademisk

Tjersland, A.T., Engen, G., & Jansen, U. (2010). *Allianser: verdier, teorier og metoder i sosialt arbeid.* Oslo: Gyldendal Akademisk.

Veland, J. (1998). *Barnevern i små og store kommuner: i tette og løse samfunn.* Hovedfagsoppgåve i sosiologi, institutt for sosiologi. Universitetet i Oslo.

## **Nettkjelder:**

Barnevernslova (1992). Lov om barnevernstjenester. Henta frå:

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernslova#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernslova#KAPITTEL_3)

Halås, C.T. (2009) Med nærhet som styrke. Lasta ned 06.05.15. Henta frå:

[https://www.fo.no/getfile.php/06%20Profesjonene/Sosionomene/Jubileumsskrift\\_Hal%C3%A5s.pdf](https://www.fo.no/getfile.php/06%20Profesjonene/Sosionomene/Jubileumsskrift_Hal%C3%A5s.pdf)

Kvisvik, M. (2014). Sammenslåing behøver ikke være svaret. Lasta ned: 27.04.15. Henta frå:

[http://debatt.kommunal-rapport.no/debatt/sammenslaing\\_behover\\_ikke\\_vaere\\_svaret](http://debatt.kommunal-rapport.no/debatt/sammenslaing_behover_ikke_vaere_svaret)

Røiseland, A. (2014). Liten og lykkelig. *Dagbladet*. Lasta ned 27.04.15. Henta frå:

<http://www.dagbladet.no/2014/03/24/kultur/meninger/hovedkronikk/kronikk/kommunestruktur/32458220/>

Saus, M. (2006). Det kyndige blikk, det ukyndige blikk og det døde blikk. *Kultur og barnevernsarbeid* hefte 3. Henta frå:

<http://uit.no/Content/233092/Hefte%203,%20Det%20kyndige%20blikk...,%20%20Saus%20006.pdf>